



LINDÅS KOMMUNE  
Felles postmottak Kvernhusmyrane 20  
5914 ISDALSTØ

Dato: 08.03.2018  
Vår ref.: 2014/21492-3  
Saksbehandlar: sigwols  
Dykkar ref.:17/3528 – 17/35523

## **Kulturminnefagleg fråsegn i samband med søknad om oppretting av ny bustadtomt tilknytt - gnr 107 - bnr 5 - Kolås - Lindås kommune**

Me viser til dykkar brev av 15.12.17, motteke 20.12.17 med ovanfor nemnde sak til fråsegn. Hordaland fylkeskommune ved Fylkeskonservatoren har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern.

Me seier oss leie for seint svar i saka.

Ut frå våre arkiv kan vi ikkje sjå at det omsøkte tiltaket vil koma i konflikt med automatisk freda kulturminne.

Når det gjeld nyare tids kulturminne kjem tiltaket truleg i konflikt ved opprusting av eksisterande gardsveg til den omsøkte bustadtomten.

I denne saka ber me om at det tas spesielt omsyn til den SEFRAK-registrerte potetkjellaren som ligg på eigedommen. Potetkjellaren er eit godt bevart kulturminne som me oppmodar kommunen å sikre gjennom kulturminneplanen som er under arbeid. Potetkjellarar er kulturminne med lokal- og regional interesse. Lindås kommune har eit sjølvstendig ansvar for å forvalte eigne verneverdige kulturminne. Det er eit nasjonalt mål at tapet av verneverdige kulturminne skal minimerast.

Ved ein eventuell opprusting av vegen over potetkjellaren, ber me om at dette utførast skånsamt og med bruk av naturlege material og god formgjeving.

### **Konklusjon**

Hordaland fylkeskommune kan rå til at det vert gjeve dispensasjon i samband med søknad om ny bustadtomt tilknytt gnr. 107, bnr. 5, Kolås – Lindås kommune, på vilkår av at ein opprusting av vegen over potetkjellaren vert utført på ein skånsam måte, at ein nyttar naturlege material og god formgjeving. Vi ber om at kommunen informerer tiltakshavar om at bygningsvernkonsulenten ved Museumssenteret i Hordaland eller Fylkeskonservatoren kan bidra med kulturminnefagleg rådgjeving om nødvendig.

Vi bed om å få sendt over vedtaket i saka for eventuell vurdering av klage, jf. Miljøverndepartementets rettleiar Kommuneplanens arealdel, T 1382.

David J. Aasen Sandved  
kst. fylkeskonservator

Sigrun Wølstad  
spesialrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Sakshandsamerar: Sigrun Wølstad og Gunnbjørg Austreim